

Til Olav Pedersen

NABOVARSEL, BRUK NR. 20, IO I MELAND

Vi har motteke nabovarsel om bygging av tilbygg/anneks og uthus på bnr./gnr. 20/49, Io i Meland kommune. Nabovarselet er datert 07. 02. 2014, og avsendar er advokat Olav Pedersen/Advokatfirmaet Harris.

Vi ønskjer ikkje å leggja inn ein protest mot byggjeplanane. Men vi tillet oss å repetera ei saksopplysning. Den same informasjonen gav vi i si tid før hovudhytta skulle byggjast, i brev av 04.12. 06, med kopi til Meland kommune, og i dialog med søkjaren etter nabovarsel 16.09. 2013, då noverande dispensasjonssak blei førebudd.

Vårt bruk, bruk nr. 8, er ein landbrukseigedom med ein enno tilhøyrande utmarksparsell nordaust for bruk nr. 20. Gjennom generasjonar hadde m.a. bruk nr. 8 sin utmarksveg gjennom tunet, tett ved husveggen (gjennom no planlagt anneks?), til bruk nr. 20. Dette var ein ferdselsveg for folk og buskap frå gardsbruka på Neset. Vi har aldri motteke nokon informasjon om at denne moglege vegretten er oppheva eller avlyst.

Ein generell merknad i denne samanhengen er den tendensen ein kan lesa ut av administrasjonen i Meland sin uttale i denne dispensasjonssaka: tidlegare privatisering i området rettferdiggjjer ytterlegare privatisering.

Spørsmålet om stien over bruk nr. 20 er, slik vi forstår det, enno uavklart.

Io, 2014-02-17

Eigarar av bnr. /gnr. 08 /49, Io i Meland

Paul Ådlandsvik og Ragna Ådlandsvik